

## SAMANFATNING AV INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL FOR VAKSDAL KOMMUNE

NR	Oppsummering av Innspel/ merknad	Forslag til endringar
1	<p><u>Fylkesmannen i Vestland, 12.02.19 – samordna uttale</u>                      Dialogmøte med Vaksdal kommune, Statens vegvesen, Bane Nor , NVE og Fylkesmannen (FM) vart halde 15.01.19. Uttalen er ei oppsummering av dette møtet.</p> <p><i>Fylkesmannen si uttale – aktuelle motsegnpunkt:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Nøgd med:                             <ol style="list-style-type: none"> <li>a. at det ikkje vert sett av nye større område for bustad utanfor eksisterande senterstruktur då det allereie er stor kapasitet (350 tomtar) i gjeldande planar.</li> <li>b. at potensielt tap av dyrka mark er redusert i høve til gjeldande plan.</li> </ol> </li> <li>2. Rår til endring for følgjande område:                             <ol style="list-style-type: none"> <li>a. S-01. Utfyllingsareal Stanghelle vest og aust: Arealføremålet er ikkje tilstrekkeleg konsekvensutgreidd til å teken inn i KPA. Konklusjon i møtet: Kommunen tar ut desse arealføremåla</li> <li>b. V-08. Stanghelle sentrum: Bustadområdet på Tettanaset bør avgrensast etter vedteken reguleringsplan. Konklusjon i møtet: Kommunen avgrensar arealføremål for bustad.</li> <li>c. ST-07. Naustområde i konflikt med viktig naturtype, marin blautblom. Konklusjon i møtet: <b>Motsegn.</b> Fylkesmannen rår til å søke alternative lokaliseringar utanfor den konkrete naturtypen.</li> <li>d. E-01. Brakestad. Planen legg opp til bygging av 5 fritidsbustader i planperioden. Dette vil utløyse krav om reguleringsplan. Konklusjon i møtet: Det var einigheit om at ein kunne ha ei kvote på 4 bustader i LNF – spreidd utan plankrav.</li> <li>e. B-F2. Berge Fritidsbustad. Utbygging over 600 m.o.h kan få negative landskapsverknader. Konklusjon i møtet: B-02 kan akseptast, då ein gjennom detaljplanlegging vil ha strenge føringar for landskapstilpassing, søke å unngå uheldig fjernverknad, skåne eksponerte landskapselement frå utbygging og hindre nedbygging av etablerte korridorar for friluftsliv. Fylkesmannen rår til at desse intensjonane vert tatt inn som eige føresegn til område B-02.</li> <li>f. B-03. Skiløype Brekke- Hamlagrø. Ikkje tilstrekkeleg konsekvensutgreidd for å kunne etablerast utan detaljreguleringsplan. Konklusjon i møtet: Føresegnene bør endrast slik at det kjem klårt fram at KP syner korridor (endeleg plassering er ikkje fastsett), at det er krav om skånsom opparbeiding, breidde m.v (jf KU) og fritak frå plankrav</li> </ol> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>a) Arealet går ut av planen</li> <li>b) Arealet avgrensast etter reguleringsplanen</li> <li>c) Naustområdet går ut av planen – erstattes med et tilsvarende i nærheten.</li> <li>d) Kvota reduserast frå 5 til 4 einingar</li> <li>e) Føresegnene for området konkretiserast</li> <li>f) Plankartet endrast til berre å vise raud line som eksempelline for turvegtrasé. Føresegn 3.1.2 er oppdatert.</li> </ol>

bør endrast til at kommunen må vurdere reguleringsplikta etter pbl § 12-1 i seinare søknadsprosess.

3. Strandsonevern: Finn at planen er uklar på kor grensa for forbodet i pbl § 1-8 andre ledd skal gjelde og kor ny funksjonell strandsone erstattar denne. KP må syne konkret strandsonevurdering for dei områda funksjonell strandsone skal gjelde. Byggegrense mot sjø må komme tydeleg fram av plankart og føresegn. Føresegn §§ 1.4.2 b, c og d krev fastsett byggegrense, utover samsvar med arealføremål. Konklusjon i møtet: Kommunen vil tydeleggjere byggegrense til sjø i plandokumenta for dei områda der funksjonell strandsone skal gjelde som byggegrense.
4. Fjordsystemet: Det er krav om meir utfyllande vurderingar av den biologiske verdien i fjordsystema for å oppfylle lovmessige krav. Kjende negative påverknadsfaktorar og truslar mot anadrome fiskestammar må opplystast meir konkret. Fjordsystemet har i lenger tid synt ei nedadgåande trend på miljøtilstand pga klimaendringar og utslepp, særleg gjeld dette oksygenivå. Djupvatnet inst i Sjørfjorden oppfyller ikkje krav i vassforskrifta. Dersom det er utslepp som er årsaka må utsleppa reduserast. Viktig at ein ikkje tek inn igjen akvakultur-lokaliteten som no er tatt ut av KP. Konklusjon: Kommunen vil sikre tilstrekkeleg kunnskapsnivå i planen.
5. LNF og LNF- spreidd:
  - a) FM tolkar planføresegn § 5.1.4 slik at den gjeld for eksisterande bustader i LNF-område som ikkje er knytt til landbruksdrift. Dette bør kome klarare fram. Dette gjeld og §5.1.5.
  - b) Løyve til tiltak etter pbl. § 20-5 og 20-6 vil vere i strid med LNF-føremålet og må teken ut.
  - c) Løyve til tiltak etter pbl. § 20-4 må innskrenkast, slik at ikkje pbl. § 20-4 bokstav a og e går utover LNF-føremålet.
  - d) Tilleggsareal etter pbl. § 20-1 bokstav m er i strid med LNF-føremålet og må teken ut. Vi rår til å ta ned samla bruksareal på 400 m<sup>2</sup>, og finn det elles påfallande at ein i reint LNF-område kan bygge dobbelt så stort som i område for LNF-spreidd, der bustader er tillate.
  - e) Dersom det er trong for tilleggsareal for einskilde bustader, fritidsbustader eller anna spreidd næring, må ein nytte arealføremålet LNF-spreidd, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 bokstav b.
  - f) Rår til å endre føresegn § 5.1.5 bokstav e om fritidsbustad, då fritidsbustad ikkje må forvekslast som stølhus.
  - g) Det må gå klart fram av planføresegnene for både LNF og LNF-spreidd (§§ 5.1, 5.2 og 5.3) at nye tiltak ikkje kan etablerast i område med *dyrka mark*, *strandsoneverdiar* eller i *fareområde*.
  - h) Føresegn § 5.2.6 om landskapstilpassing bør også gjelde generelt for LNF inkludert underkategoriar.

3. Prinsippa for «byggegrense sjø» er klargjort i planomtalen

4. Tatt til orientering – Nytt avsnitt er tilført planomtalen.

5. Det er gjort ei endring i LNF-spreidd områda. Spreidde bustadområde og fritidsbustadar som ligg i LNF-område, og der kommunen ikkje ønskjer nye einingar er lagt inn i planen som LNF-spreidd område utan kvote. Dette gjer at eigarane kan gjere somme endringar på sin eigedom som elles ikkje er tillate i ordinære LNF område.

b) OK

c) OK dette er endra slik at det berre gjeld LNF-spreidd

d) OK dette er endra slik at det berre gjeld LNF-spreidd

e) OK ref. tekst ovanfor

f) OK endra

g) T.O. Endringar i føresegn for å klargjera

h) OK endra

i) OK Endra

- i) Eit nytt «sekundær-husvære» i LNF-spreidd vert avgrensa av kvote. KSA rår til at § 5.2.4 vert endra frå «sekundær- husvære» til utleigeeining»  
Konklusjon i møtet: Kommunen vil gjennomgå føresegnene på nytt
6. ROS-analyse: Saknar risikovurdering av støveksplasjon ved Vaksdal mølle. Ved fare bør ein innarbeide omsynssoner. FM stiller seg og bak brevet frå NVE om potensiell skredfare. Konklusjon i møtet: ROS- analysa vil bli oppdatert og evt endringar i planen vil utførast ved avdekt fare.
  7. Støy: Det bør bereknast støysoner kring viktige støykjelder som veg og Dale fabrikk og leggast inn føresegner i tråd med T 1442. Konklusjon i møtet: Føresegner vil leggast inn i KP. Støykart frå Statens vegvesen vil nyttast. Støy frå Dale fabrikk vil løysast gjennom detaljreguleringsplan
  8. Klima: FM meiner ein bør trekke fram klima som relevant planomsyn og få ein tydelegare klimaprofil. At ein søker å styre ønskt befolkningsvekst til dei mest sentrale delane av kommunen, vil vere positivt.
  9. Trong for revisjon i føresegner: FM har merknader til konkrete føresegner. Konklusjon i møtet: Kommunen vil revidere føresegnene

*Statens vegvesen (SVV) og Bane Nor (BN):*

1. SVV meldte i brev av 17.12.2018, og BN i brev av 12.12.2018, trong for **motsegn** til planføresegn § 7.4.1 og gjennomføringssone (H800) som omhandlar krav om felles reguleringsplan for stasjonsbyane. Føresegna vil kunne legge føringar for komande statleg reguleringsplan for ny E16 og jernbane i Vaksdal og Stanghelle. All kommunal planlegging som potensielt kan fordyre eller forseinke den statlege planlegginga er uheldig og uønskt. Konklusjon i møtet: omgrepet «felles reguleringsplan» i føresegna er det springande punktet. Det viktige er at kommunen ikkje regulerer eller sett i verk tiltak som får verknad for den statlege planlegginga. FM fekk i oppgåve å søke å utarbeide ei ny føresegn § 7.4.1 som partane kunne vere samde om.
2. SVV krev vidare at planarbeidet må omtale og synleggjere støy langs E16 og fylkesvegane. Det må og stillast krav om tilfredsstillande parkering for fritidsbustader og naust, då uheldig parkering langs fylkesvegane i Vaksdal er eit utbreidd problem i dag.

*NVE:*

1. NVE meldte i brev av 06.12.2018 trong for **motsegn** til planframlegget då potensiell naturfare ikkje er tilstrekkeleg vurdert eller teke omsyn til. NVE sine aktsemdskart for snøskred, jordskred, sørpeskred kan nyttast som kunnskapsgrunnlag for ROS-analysen og til å avgrense omsynssoner i plankartet. Identifisering og avgrensing av kvikkleireområde må også

6. Vaksdal mølle er ikkje registrert som storulukkebedrift. Det føreligg ingen sikringssonar for støveksplasjon. Dette vert vurdert vidare i arbeidet med områdeplanen. Kort omtale lagt inn i KU av område V05
  7. Eventuelle støysoner frå veg og bane leggast inn som omsynssone i planen
  8. Tatt til orientering. Kapittel Klima, energi og forureining er oppdatert.
  9. Føresegnene er endra i tråd med innspel
- 
1. Reguleringsplan for E16 og Vossabanen er unntatt frå krav om felles regulering i desse område. Føresegn 7.4.1 er oppdatert jamfør innspel.
  2. Støysoner langs riksveg vert lagt inn i Plankartet. Føresegnene kring parkering er tydleggjort
- 
1. Aktsemdområde for snøskred, jordskred og sørpeskred vert lagt til grunn i faresone skred der det ikkje er gjennomført spesifikk skredfareanalyse. Felles føresegn om at alle byggetiltak på lausmassar under marin grense må undersøkast med omsyn på kvikkleireskred. Punkt 1.7.2 er oppdatert.

innarbeidast i planen. Det kan vere tilstrekkeleg med eit generelt krav i føresegnene om å utgreie fare for områdeskred av kvikkleire under marin grense. Konklusjon i møtet: Kommunen gav klart inntrykk av at innhaldet i brevet frå NVE var noko ein ville søke å imøtekome.

2. NVE har elles ein del konkrete merknader til planframlegget:
  - a. KU og ROS bør vurderast på nytt med oppdatert kunnskap om skredfare og vassdrag.
  - b. Reguleringsføresegn § 7.2.1 (Faressoner H300) a og b bør endrast.
  - c. Kommuneplanen bør ha eit sterkare fokus på klimaendringar.
  - d. Byggegrense til vassdrag bør vere større enn 20 utanfor utbygde strøk.
  - e. Byggegrense til verna vassdrag bør vere 100 meter.
  
  - f. Kommuneplanen må inkludere verna vassdrag som tema.
  - g. Omsynssone H740 skal teiknast med svart rutemønster (vertikal/horisontal), og ikkje med raud skrå skravering.
  - h. Kraftleidningar som er ein del av sentral og regionalnettet må merkast med omsynssone H740, ikkje H370. Alle slike kraftleidningar må innarbeidast i plankartet. Tilhøyrande transformatorstasjonar skal inngå i denne omsynssona
  - i. Omsynssone H370 i plankart må endrast til H740. Dei leidningane som i dag manglar og som er ein del av sentral- og regionalnettet, må innarbeidast i plankartet. Tilhøyrande transformatorstasjonar skal og inngå i omsynssona.
  - j. Reguleringsmagasin er ikkje markert i plankart.

#### *Oppsummering og konklusjon*

Det er eit felles mål å kome fram til eit planframlegg som kommunen kan vedta. Inntil desse delane av planen er tilstrekkeleg avklarte, ser Fylkesmannen det som naudsynt med motsegn til planen, slik han låg føre ved offentleg ettersyn.

- a) KU og ROS har tatt utgangspunkt i alle aktsemdssonane
- b) Føresegnene endrast i tråd med innspel frå NVE
- c) Tatt til orientering
- d) Tatt til følgje. Punkt 1.4.3 er oppdatert jamfør innspel.
- e) Omsynssone verna vassdrag inn i planen. Føresegner om 100m byggegrense frå vassdrag. Verna vassdrag er lagt inn som omsynssone i kart. Det leggst ikkje opp til vesentleg nybygging langs vassdrag.
- f) Teken til følgje. Planomtalen 1.4.1 nemner no verna vassdrag.
- g) Teken til følgje.
- h) Det vert lagt inn bandleggingssone (H740) i tråd med innspel frå BKK.
- i) Teken til følgje.
- j) Teken til følgje.

2	<p><u>Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, 14.02.19</u> (Vedtak i utval for kultur, idrett og regional utvikling):</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vanskeleg å planleggja framtidig arealbruk når plan for K5 ikkje er vedteken. Kombinasjonen med områderegeringsplanar for stasjonsbygdene ser utvalet som ein god arbeidsmåte.</li> <li>2. <b>Motsegn:</b> Føresegn og retningsliner for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i kommuneplanen.</li> <li>3. <b>Motsegn:</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>I. Manglande kulturminnemarkering av id 238862 (Dalegarden)</li> <li>II. Kulturminne som er nemnt i kulturminneplanen må visast som omsynssone H570 med tilhøyrande føresegn og retningsliner</li> </ol> </li> <li>4. Kulturminnefaglege merknader: <ol style="list-style-type: none"> <li>I. Må ta atterhald om nye byggeområde i KP, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.</li> <li>II. Må leggje inn samanhengande omsynssone H570 kring fornminnelokalitetane id 66745, 215630, 25652, 6091-1.</li> <li>III. Har krav om formulering til føresegn for omsynssone d), Mellomalderiske kyrkjestader</li> <li>IV. Ang. omsynssone for vegfare Dalseid- Eidslandet: Ber kommunen legge inn føresegn som ivaretar vegen som kulturminne. Riksantikvarens sin tekst er for streng. HFK ser behovet for trafikkisikringstiltak.</li> <li>V. Føresegn og retningsliner må sikre at tiltak som gjeld utfylling i sjø, vert sendt HFK til fråsegn.</li> <li>VI. Ber om endring i føresegn 1.6.2 om verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og enkeltminne</li> <li>VII. Ber om ei kulturhistorisk analyse for Vaksdal, Stanghelle og Dale.</li> </ol> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teken til orientering</li> <li>2. Føresegnene er oppdatert</li> </ol> <ol style="list-style-type: none"> <li>I. Kulturminnet er lagt inn med bandleggingssone</li> <li>II. Lagt inn med H570 og referansetabell i planomtalen</li> </ol> <ol style="list-style-type: none"> <li>I. Teken til orientering</li> <li>II. Omsynssonene er oppdatert</li> <li>III. Formuleringa er lagt inn i føresegnene</li> <li>IV. Ikkje teken til følgje</li> <li>V. Lagt inn i føresegn 1.7.4</li> <li>VI. Føresegn 1.6.2 er endra</li> <li>VII. Teken til orientering</li> </ol>
3	<p><u>NVE, 19.10.18</u> For motsegn sjå merknad 1 – samordna uttale</p>	
4	<p><u>Statens vegvesen, 17.12.18</u> For motsegn sjå merknad 1 – samordna uttale</p>	
5	<p><u>Bane Nor, 12.12.18</u> For motsegn sjå merknad 1-samordna uttale</p>	

6	<p><u>Kystverket, 19.12.18</u>  Sjøområdet utanfor kai ved Vaksdal Mølle bør vere definert som hamneområde i sjø , eventuelt som del av fleirbruksområde i sjø og vassdrag, og ikkje friluftsområde. Dette for å gi eit meir korrekt bilete av arealbruken.</p>	<p>Arealet endra til Hamneområde i sjø <b>NB! Ikkje rett farge. Har ikkje oppdatert mal for ny kartforskrift</b></p>
7	<p><u>Mattilsynet, 13.12.18</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Har ikkje funne kommunens hovudplan for vassforsyning. Lurer på om den er av eldre dato og bør rullerast.</li> <li>2. Grunnvatnet er ein ressurs som kan vera varig nyttig felleseige. Det må ikkje gjerast arealdisponeringar som kan utgjera risiko for uboteleg skade på grunnvatnet.</li> <li>3. Ber om at areal til råstoffutvinning Dalegarden vert teke ut av kommuneplanen sin arealdel. Er samd i vurderinga i KUen.</li> <li>4. Viser til føresegnene 2.8.3 og er nøgd med denne. Stiller spørsmål ved om dette betyr at kommunen no har nekta ei etablering av ubemanna bensinstasjon i nedbørsfeltet til Dale/Stanghelle vassverk. Reknar med at kommunen sjølv har sett risikoen ved ei slik etablering.</li> <li>5. Ber om at det vert gjennomført ein meir omfattande alternativ-vurdering for betre eigna areal til gravplass på Dale. Er samd i vurderinga i KUen: Arealet vest for dagens gravplass på Dalegarden vert teke ut av kommuneplanen sin arealdel.</li> <li>6. Meiner det er uheldig å etablere nytt bustadområde D-07 Dalegarden ut frå omsynet til sikring av grunnvasskjelda for Dale/Stanghelle vassverk.</li> <li>7. Er glad for at Vaksdal kommune erkjenner utfordringane med drikkevassforsyninga. Set også pris på at omsynssoner rundt drikkevasskjeldene vert sikra i planarbeidet <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Støtter føresegnene: 1.2.1, 1.2.3, 1.7.1, 2.83 og 7.1 om ber om at dei vert vedtekne og sikra juridisk med føresegn knytt til kommuneplanen sitt arealplankart slik at dei vert tydeleg kommuniserte til alle.</li> <li>b. Meiner «<i>annan følsam bruk</i>» i punkt 2.8.3 må tolkast til å omfatta grunnvatn.</li> </ol> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering.</li> <li>2. T.O</li> <li>3. Arealet er teken ut av planen</li> <li>4. Føresegnene opnar for lokalisering av bensinstasjon på Dalegarden, men ikkje dersom denne medfører uakseptabelt høg risiko for grunnvassforureining.</li> <li>5. T.O</li> <li>6. Krav om dokumentasjon for omsyn til drikkevassførekomsten er lagt inn i føresegn 2.2.3 <ol style="list-style-type: none"> <li>a) T.O</li> <li>b) Tatt til følgje, føresegn 2.8.3 er oppdatert jamfør merknad.</li> </ol> </li> </ol>

8	<p><u>Statnett, 31.10.18</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Har ikkje fått varsel. Ber om at alle sakar nær transmisjonsnettledningane vist i vedlagte oversikt vert sendt Statnett for uttale. Har konsesjon til å eige/ drifte 6 transmisjonsleidningar i kommunen samt Dale og Dale 2 transformatorstasjon.</li> <li>2. Det ser ut som om det berre er transmisjonsleidningen Dale2 -Arna som er lagt inn i plankartet som omsynssone. Ber om at dei resterande transmisjonsleidningane med tilhøyrande byggeforbodsbelte (sjå oversikt i brevet) og vert lagt inn som omsynssone.</li> <li>3. Ber om at føresegnene fastslår at det er byggeforbod i omsynssona, og at alle tiltak i terrenget og anleggsarbeid innafor omsynssona skal avklarast med leiðningseigar.</li> <li>4. Informerer om at Dale transformatorstasjon har reinvesteringsbehov. Ser at det kan medføre endra arealbruk, eventuelt og omlegging av leiðningar. Tar kontakt om eige møte om dette.</li> <li>5. Informerer om transmisjonsnettledningen Evanger – Samnanger som skal få større oppgraderingskapasitet i form av temperaturoppgradering.</li> <li>6. Minner om at Statnett som leiðningseigar skal kontaktast før aktivitet med anleggsmaskiner kan skje nærare enn 30 meter horisontal avstand frå næraste straumførande line (ytterfase) på leiðningen. Dette for å vurdere kva sikringstiltak som er nødvendig.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. T.O</li> <li>2. Byggeforbodsone er lagt inn</li> <li>3. Teken til følgje. Føresegn 7.3.1 er oppdatert</li> <li>4. T.O</li> <li>5. T.O.</li> <li>6. T.O</li> </ol>
9	<p><u>Bergen sjøfartsmuseum, 10.01.19:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Minner om undersøkingsplikta i Kulturminnelova § 9 og at den og gjeld sjøbotn og vassdrag.</li> <li>2. Minner om Kulturminnelova § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år i vatn og sjø er statleg eigedom</li> <li>3. KU for marine kulturminne for alle KPs utbyggingsområde i sjø er for stor jobb. Føretrekk at tiltak blir lagt fram for dei på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil truleg planane og vere meir konkrete i utforming og omfang.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering.</li> <li>2. Tatt til orientering.</li> <li>3. Tatt til orientering.</li> </ol>

10	<p><u>BKK Nett, 12.11.18:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. I arealdelen må det teken høgde for dei anlegg som er nødvendig for å sikre straumforsyninga til kommunen sine innbyggjarar og verksemder.</li> <li>2. Kraftleidningar m/ byggeforbodsbelte må leggjast inn som omsynssone. Byggeforbodsbeltene skal ivareta tryggleikskrava, og det er misvisande om desse nyttast for å gjenspegle Statens strålevern sine grenser for når tiltak som følgje av magnetfelt bør vurderast. Statens strålevern sin tabell er ein generell rettleiing og seier ingenting om straumstyrke og magnetfelt på kvar enkelt konkrete kraftleidning.</li> <li>3. Lister opp dei luftleidningane dei har i kommunen og byggeforbodsbeltet langs desse.</li> <li>4. Ber om at omsynssonene langs kraftleidningane får ei føresegn om at det innafør omsynssona (jf. Byggeforbodsbeltet) ikkje kan gjennomførast tiltak utan forutgåande aksept frå eigar av kraftleidningen.</li> <li>5. Informerer om saksgang ved omlegging av kraftleidningar-/anlegg.</li> <li>6. Ber om at det vert tatt inn ei føresegn om at det generelt er fem meter byggegrense rundt nettstasjonar.</li> <li>7. anbefaler føresegn om at oppføring av nettstasjonar i samband med forsyning av straum til stadbunden næring i LNFR-område og på areal regulert til utbyggingsfremål er tillatt. Dette for å unngå å måtte søke dispensasjon for oppføring av desse.</li> <li>8. Gjer merksam på at kabelanlegg i bakken <i>ikkje</i> skal teiknast inn på plankart.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering.</li> <li>2. Forbodsbeltet er lagt inn i tråd med innspel</li> <li>3. Forbodsbeltet er lagt inn i tråd med innspel</li> <li>4. Tatt til følgje føresegn 7.3.1 c)</li> <li>5. Tatt til orientering.</li> <li>6. Tatt til følgje. Ny føresegn 1.5.5:</li> <li>7. Tatt til følgje: Ny føresegn 5.1.4:</li> <li>8. Tatt til orientering. Ingen kabelanlegg i planutkastet</li> </ol>
11	<p><u>BIR, 18.12.18</u></p> <p>Føresegnene og retningslinene bør utformast slik at og avfallsløysingar vert sikra som teknisk infrastruktur i framtidig reguleringsarbeid. Viser til eksempel til formulering frå andre kommuneplanar.</p>	<p>Tatt til følgje. Føresegn 1.2.3 er oppdatert jamfør innspel.</p>
12	<p><u>Vik kommune, 31.10.18</u></p> <p>I kommuneplanen for Vik er Fjellheimen villreinområde lagt inn i plankartet som ei omsynssone etter Pbl §11-8 C): «H520 omsynssone villrein» med tilhøyrande retningsliner. Oppmodar til liknande opplegg i kommuneplanen for Vaksdal.</p>	<p>Teken til følgje, Leveområde for villrein er lagt inn som H560 Angitt omsyn naturmangfald</p>



Direktoratet for mineralforvaltning (DIRMIN), 11.01.19

- |   |  |
|---|--|
| <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kommunen har ikkje uttak i drift, men det er registrert fleire massetak og tipper med ukjent driftsstatus eller som er avvikla. Kommunen står framfor bygging av ny E16 og jernbane Voss-Arna, og har fleire egne utbyggingsplanar. Oppmodar til lokal bruk av byggeråstoff då dette er både økonomisk og klimavenleg (då ein unngår lang transport av massar).</li> <li>2. Ved lokalisering av nye bustad-, hytte og næringsområde bør ein vurdere dette opp mot ein oversikt over kartlagde mineralressursar slik at ressursane ikkje blir bygd ned eller på annan måte blir bandlagt (for eksempel ved at det er konflikt med andre formål i nærleiken).</li> <li>3. I framtida kan etterspurnaden auke og nye metodar for å vinne ut kan bli betre. Den planlagde nye infrastrukturen kan og bli ei viktig transportåre og gi økt moglegheit for sal. Det bør lagast ei oversikt over mineralressursane slik at kommunen kan prioritere kva ressursområde dei vil ta vare på og vurdere behov for tilgang til byggeråstoff i kommunen/ regionen over tid. I ein slik plan bør ein og kartlegge moglegheiter utanfor kommunen og om desse kan dekke kommunens behov.</li> <li>4. Rår til å drive ut eksisterande masseuttak optimalt før nye uttak blir etablert.</li> <li>5. I KU er det fleire naturressursar som ikkje er nemnd. Det er eit minstekrav at dei er nemnd. Det bør gjerast greie for verdi, geologisk samansetning, volum, utstrekning, nytte i dag/ framtida, nytte for prosjekt i nærleiken mm. Prioriteringar bør gjerast for kva ressursområde kommunen ynskjer å ta vare på i framtida. Vurdering av mineralressursar nær eit utbyggingsområde (ikkje berre innafor utbyggingsområdet) må og vurderast. Mineralressursar er ikkje nemnd under samla konsekvensar.</li> <li>6. Det bør settast krav til at eventuelle registrerte mineralførekomstar i nye planområde skal beskrivast og helst nyttast før dei blir bygd ned, eller at eventuelt masseoverskot skal nyttast til egna formål eller mellomlagrast til egna formål framfor å til dømes deponere i sjø.</li> <li>7. Føresegnene:       <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Under «anna lovverk» er henvisinga til minerallova upresis. Ber om anna formulering (sjå brevet).</li> <li>b. 2.7 Råstoffutvinning: her bør det settast krav til at reguleringsplanen tek omsyn til landskapsbilete, beskriv nær- og fjernverknad av inngrepet, og gjer greie for etterbruk og istandsetting.</li> </ol> </li> <li>8. Rår til å bruke omsynssone for mineralressursar i plankart og tilhøyrande føresegner</li> </ol> | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teken til orientering.</li> <li>2. Teken til orientering.</li> <li>3. Teken til orientering.</li> <li>4. Teken til orientering.</li> <li>5. Teken til orientering. Omsyn til mineral og lausmasseressursar er vurdert i KU under naturressursar. Vaksdal kommune kan eventuelt vurdere prioritering av mineral og lausmasseressursar i ein eigen planprosess. Kort omtale lagt inn i avsnittet om <i>samla konsekvensar</i>.</li> <li>6. Teken til følgje. Det er lagt inn ein omtale om Minerallova i innleiinga til føresegnene.       <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Teken til følgje. Punktet er justert i jamfør forslag om henvisning til Minerallova § 43.</li> <li>b) Teken til følgje, i nytt punkt 2.7.3.</li> </ol> </li> <li>8. Ikkje teken til følgje: Etter ein totalvurdering er det vurdert at registrerte, realiserbare mineral- og lausmasseressursar ikkje er lokalisert slik at dei er under utbyggingspress</li> </ol> |
|---|--|

Fiskeridirektoratet (Fiskeridir), 10.01.2019

1. Fiske/ låssettingsplass: Har tidlegare gjeve svar om at 5 låssettingsplassar ikkje treng visast som fiske i KPA. Dei legg til grunn at dette er tatt opp med fiskarane sine interesseorganisasjonar.
  2. Rår til at fiskeområde i gjeldande plan (registrert gyteområde) vert vidareført, alternativt kan gyteområda synast som omsynssone naturmiljø – gyteområde torsk.
  3. Akvakulturanlegget ved Sandvik er tatt ut av KPA og det er i høyringsbrevet vist til at lokaliteten er brakklagt av miljøomsyn. Fiskeridir opplyser om at ny miljøundersøking er utført i august 2018 og resultatet synte då tilstand 2 – god. Pr. oktober vart det drift på lokaliteten igjen. Løyve til å drive akvakultur på lokalitet som er klarert etter akvakulturlova fell ikkje vekk sjølv om kommunen tek ut akvakultur som arealbruksføremål i KPA. Lokaliteten ligg med god margin utanfor sjøområde som etter naturmangfaldlova er definert som laksefjord. Av omsyn til framtidig drift på lokaliteten og mogelegheit for å følgje utviklinga og ta i bruk ny teknologi, rår Fiskeridir kommunen om å sette av tilstrekkeleg areal for akvakultur i sin arealplan.
1. Høyringsframlegget er sendt til Dale jakt&fiskarlag og Fiskarlaget vest, ingen innspel
  2. Ikkje teken til følgje. Området ligg allereie inne i angitt omsynssone for naturmangfald (nasjonal laksefjord) Det er svært lite utbyggingspress i området.
  3. Ikkje teke til følgje. VK ønskjer å avvike oppdrettsaktiviteten.

Lerøy sjøtroll (LS), 20.12.18: Gjeld akvakulturlokalitet Sandvik som er tatt ut som arealføremål i forslag til ny KPA:

1. Mange faktorar påverkar miljøtilstand og O<sub>2</sub>-nivået i Sørfjorden. Havbrukslokalitetane er berre ein liten del av dette bildet. Klimaendringar har gjort at det generelt er en reduksjon i O<sub>2</sub>-nivå i fjordane våre. Særskilt gjeld dette i terskelfjordane som er avhengig av at kaldt og oksygenrikt vann kjem over terskelen og skiftar ut gammalt botnvatn. Dei seinare åra årene har overflatevatnet vore så lett om vinteren, at det ikkje er noko direkte utveksling mellom overflate- og djupvatn. Dette blir ytterlegare forsterka ved at kraftverka slepp lettare vatn ut til overflaten og om vinteren. I oktober 2018 ble lokaliteten Sandvik tatt i bruk igjen då miljømålinga i juli 2018 viste tilstand 2 «God».
2. Til det som står i planomtalen om naturmangfald påpeikast følgjande:
  - a. Lokaliteten ligg 4,8 km utanfor yttergrensa til nasjonal laksefjord. Regnbogeaure, som er det ein produserer, vil og ha store problem med å svømme opp i dei straumsterke elvane.
  - b. Dei nemnde områda der det er påvist djupvatn korallar ligg 22 km frå lokaliteten. Det er difor lite truleg at drifta vil ha påverknad på denne korallførekomsten.
3. AK-området ved Sandvik bør førast vidare då:
  - a. Regjeringa ønsker å legge til rette for verdiskaping i lakse- og auresoppdrettsnæringa.
  - b. Akvakultur har ei sentral rolle for å skape mat til verdas befolkning. Ein har dei siste åra produsert ca. 1 400 tonn sløyd regnbogeaure pr år ved lokaliteten, noko som svarar til ca. 5 millionar middagar.
  - c. Brakkvatnet i Sørfjorden er gunstig for produksjon av aure. Lite salt gjer at det er lite/ ingen lakselus store delar av året. Lokaliteten ligg og skjerma slik at det er lavt sannsyn for sjukdom/ død.
  - d. LS har få lokalitetar i høve til konsesjonar og har difor sterkt behov for dei lokalitetane dei har.
  - e. Reduksjon i aureproduksjonen vil få konsekvensar for settefiskanlegget på Bjørsvik og Lerøy Fossen sin fabrikk på Osterøy (mindre råstoff).
  - f. Produksjonen rundt Osterøy er viktig for sysselsettinga innerst i Sørfjorden, der 15 personar er direkte tilknytta lokalitetane LS disponerer.
4. Ønsker som eit minimum at AK-området i KPA blir ført vidare slik det har vore til no. Skal LS ha moglegheit til å utvikle lokaliteten i tråd med nye forskrifter, utvikle nye anleggstypar og ny teknologi, må AK-området utvidast. Ny teknologi kan på sikt betre miljøtilstanden i Sørfjorden. Ved å endre anleggstypen til ringar i rammefortøying aukar ein spreingsarealet og dette vil då gje redusert punktbelastning, og dermed og «fotavtrykket» under anlegget, all

Innspelet vert teken til orientering, men innspelet vert ikkje teken til følgje. VK ønskjer å bidra til at tradisjonell merdbasert oppdrett i sin del av Ostefjorden vert avvikla.

	<p>den tid produksjonen blir uforandra. Foreslår eit areal til Akvakultur på 280m x 280m (teikning vedlagt) Området rundt AK-området bør være et fleirbruksområde der fortøyingar frå akvakulturanlegg er inkludert.</p> <p>5. Inviterer politikare og saksbehandlarar til å besøke lokaliteten ved Sandvik for å sjå kva verdiskaping som skjer i området.</p>	
16	<p><u>Invest in Bergen, 20.12.18:</u> Støttar forslag til KPA. Dei har tru på moglegheitene som finnes på Dale. Store kraftmengder, relativt lett tilgjengeleg og stor ledig bygningsmasse vil kunne gje grunnlag for utvikling av ei datasenterklynge på Dale, gjerne i tilknytting til tilsvarande satsingar meir bynært Bergen.</p>	Teken til orientering.

Vaksdal næringssselskap(VNS), 10.01.19

1. Skryt av framlegg til KPA, og det arbeidet som er lagt ned for å få til ein heilskapleg plan.
  2. Reagerer på mål om at færre skal pendle ut av kommunen for å jobbe når KPA-perioden er over. Det fell ikkje saman med mål om folketalsauke i kommunen, og heller ikkje med at bustadutvikling i stasjonsbyane skal bidra til å avlaste Bergensområdet. Trafikkauken i Bergen skal løysast med kollektivtrafikk, sykkel og gange. Målsetjinga må vere at Vaksdal kommune vert godt integrert i ein felles bustad- og arbeidsmarknad med Bergensområdet. Må og ta høgde for auka innpendling. Dette vil tilføra Vaksdal kommune ei høgare verdiskaping per arbeidstakar og høgare kompetanse (då dette i snitt er høgare i Bergen enn i Vaksdal). Det kan igjen føra til agglomerasjon (fordelen like kompetanseverksemdar har ved å vera nær kvarandre ved læring, «matching» og deling). Dersom ein kan få stat/fylke til å legge ei av sine verksemdar t.d. vidaregåande-/høgskule, til ein av stasjonsstadene kan ein oppnå agglomerasjon. Dette er netto ringverknader ved samferdsleprosjekt som spesielt har vore nytta som argumentasjon for utbygging av ferjefri E39 og intercity.
  3. I ein KPA der hovudmålet for næring er at: *Vaksdal kommune skal ha eit meir variert næringsliv* meiner VNS at ein må ha tilgang til varierte typar næringsareal. Steinmassane frå K5 vil utgjere stort potensial for nyetablering av areal, og her gjeld det å vere ambisiøs ettersom trongen vil bli større enn ein trur i dag. Viser og til kategoriar nytta på regionalt nivå : Kategori 1- høg urbaniseringsgrad (stasjonsstadene), kategori 2 – allsidig verksemd (Dalegarden) og kategori 3 – arealkrevjande verksemd, der det er i underlagsdokument for Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er lagt til grunn at alt areal 2 km frå hovud/ riksveg kan nyttast til kategori 3, dvs alt areal langs E16.
  4. Potensial til auke i besøksattraktivitet og reiselivsutvikling i kommunen er avgjort større enn det som er tatt ut
  5. Alt av føresegner og retningslinjer som avgrensar mogleg utvikling, og ikkje er lovpålagt, gjer andre kommunar, som ikkje har dette, potensielle føremoner. Dette gjeld:
    - Avgrensingar på bruksareal, 5.2.5 d, 5.2.4, 5.3.6 d
    - Avgrensing på seksjoneringar 5.2.4
    - Avgrensing på strøtomter knytt til landbruk 5.3.2
    - Avgrensing på tiltak på eksisterande bustader 5.1.4 a-d
    - Avgrensing på tiltak på eksisterande fritidsbustader 5.1.5 a-e
    - Avgrensing på omdisponeringar 2.10.4
    - Avgrensing på tal naust i rekkje 2.10.6
    - Krav til uteopphaldsareal 1.4.8
    - Kvalitetskrav til uteopphaldsareal 1.4.9
    - Krav til byggegrense mot sjø 1.4.1
1. Teken til orientering.
  2. Teken til orientering. Målet om lågare del pendlarar er eit mål om betre balanse mellom bustadar og arbeidsplassar i stasjonsbyane.
  3. Teken til orientering. Kommuneplanen kan ikkje omdisponere større areal frå LNF til næringsformål enn det ein kan vente at det er etterspurnad etter. At ein kan forbruke masser frå samferdsleprosjektet kan ikkje vere eit argument for å etablere byggeareal åleine.
  4. Teken til orientering.
  5. Teken til orientering. I kommunal planlegging vil det ofte vere naudsynt å sikra kvalitetar ut forbi minstekrava til lova. Somme av desse kvalitetskrava er og eit svar på korleis betre omdømme og identiteten til stadane.

<ul style="list-style-type: none"><li>• Krav til «aktive fasadar»</li></ul> <ol style="list-style-type: none"><li>6. I LNF-områda, 5.4.2, 5.3.2 og 5.2.2 med spreidd bustad-/fritidsbustadområder er det for få einingar til å skapa auka aktivitet og omsetjing, som igjen kan leda til meir aktivitet, næringsutvikling, folketalsvekst og på sikt, betra infrastruktur på veg.</li><li>7. Områdereguleringsplanar for stasjonsstadene er noko VNS ser fram mot. Det viktigaste VNS kan gjere er å saman med kommune og lokale aktørar planlegge, og utvikle gode samfunn, og selje prosjekta vidare til eksterne aktørar for realisering.</li></ol>	<ol style="list-style-type: none"><li>6. Teken til orientering. Kvotane er sett med bakgrunn i forventna etterspurnad, tålegrense for omgjevnadar og infrastruktur og andre faktorar. I førre planperiode vart kvotane på langt nær brukt opp.</li><li>7. Teken til orientering.</li></ol>
--	--

Vaksdal næringsråd, 10.01.19

- |  |  |
|--|--|
| <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vaksdal kommune er i hard konkurranse med omsyn på ynskje om utvikling. Kommunen bør difor være ein JA-kommune med meir liberale reglar. Slik vil me være ein meir attraktiv kommune for både innbyggjarar og næringsaktørar.</li> <li>2. Nasjonalt regelverk er i dag strengt, ikkje naudsynt at KPA er enda strengare. Dispensasjonar er vanskelegare å gjennomføre dersom KPA understrekar lokale krav. Nokre døme:       <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Byggegrense mot sjø og vassdrag, nasjonale reglar er strenge nok. Kommunen har lite disponibelt areal pga rasfare m.v.</li> <li>b) Avgrensa bruk av seksjonering</li> <li>c) Strenge krav til parkeringsplassar, spesielt for bustader med 3 eller 4 husvære</li> <li>d) Krav til reguleringsplan</li> <li>e) Få nye bustader/fritidsbustader i LNF områder</li> <li>f) Maks 3 naust i samanhengande rekkje, ingen innreiing av naust/sjøhus</li> <li>g) Omfanget av krav til uteopphaldsareal, spesielt i sentrumsområda</li> <li>h) Omfanget av krav til kvalitet til uteopphaldsareal</li> <li>i) Utforming av bustader og fritidsbustader, inkludert arealavgrensing</li> <li>j) Krav om fokus på energisparing.</li> <li>k) Krav om dokumentasjon av trygg skuleveg. Dette bør vere kommunen sitt ansvar der det er bustader frå før.</li> </ol> </li> <li>3. Det bør ikkje stillast krav til uteområde for bustader innafor sentrumsområdet. Næring bør være dominerande i sentrumsområda. Næringa bør sjølv legge føringar for evt etablering bustader, til dømes ved bustader i dei øvste etasjane.</li> <li>4. Ber om at tidlegare omtalt bustadfelt ovanfor Jamnelia/ Flordalen blir del av bustadområdet for Vaksdal slik at det vert lagt til rette for vidare utvikling og veksten vert halde i gang. Vaksdal har hatt god bustadutvikling dei seinare år.</li> <li>5. Det er viktig at det vert lagt til rette for overgang frå tog til båt på Stanghelle med dertil eigna kaiområde.</li> <li>6. På vekedagar går det dagleg 70-110 lastebilar gjennom sentrum til/ frå fabrikklegget i Vaksdal. Dette gir utfordringar med støy, trafikkavvikling og tryggleik. Trafikksituasjonen i bygda må vurderast for følgjer og bli ivareteke i KPA. Tungtrafikken bør ha eigen trase. Foreslår veg på eksisterande jernbanetrase når den vert nedlagt. Bruk som sykkelsti aleine, gjev avgrensa grunnlag for lokal næring- og samfunnsutvikling.</li> </ol> | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teken til orientering. Kommuneplanen sin arealdel er ein balansegang mellom fleksibilitet og styring.</li> <li>2. Teken til orientering. Byggegrensene i planen er fastsett i tråd med statlege og regionale fagmynde</li> <li>3. I sentrumsområde skal det vere variasjon av funksjonar, tilbod og bebuarar. Utviklinga skal skje med kvalitet. Det er lagt opp til monaleg fleksibilitet for områdereguleringsplanane</li> <li>4. Det er vurdert at det er tilstrekkeleg areal til vidare bustadutvikling innanfor byggesona i planperioden. Utan å auke arealbeslag og utfordre skredfare.</li> <li>5. Innspelet sendast vidare til områdereguleringsplanen</li> <li>6. Teken til orientering. Løysing av trafikksituasjonen på Vaksdal er vil verte ei hovudutfordring i områdereguleringsplanen.</li> </ol> |
|--|--|

Vaksdal Høgre:

1. Hovudmål folketal (om 20-40% fleire innbyggjarar i 2040): Uklart kor desse 1000 personane skal koma frå, kor dei skal busetja seg og kor dei skal jobba. Positivt mål, men må forankrast med realistiske verkemidlar.
  2. Delmål 2 bustad (om minst eitt bustadprosjekt med nasjonal merksemd for kvalitet/ nyskaping) : Nyskaping betyr ukjente løysingar og risiko. Ein bør gjere trygge val framfor å oppnå merksemd.
  3. Delmål 2 Nærings- og arbeidsliv (om at meir enn 80% av bygningsmasse til industri skal vere i aktiv bruk innan 2030): Korleis skal Vaksdal Kommune sikre at dette skjer, når bygningsmassen i stor grad er i privat eige? Ikkje gjort noko til no.
  4. Må utnytte trafikken som skal gå forbi. Dalegården ligg best til rette for dette. Her kan det byggast vidare rundt servicenæring og tilbod. Kan og informera om tilbod i resten av kommunen, inkludert Dale sentrum. Då trengs det god avkøyring, gode parkeringsforhold og eit attraktivt område som får folk til å stoppe. Kan legge til rette for å lede folk inn på «gamleveggen» forbi Daleelva, Dale of Norway og via Dale sentrum og ut igjen på E 16.
  5. Verksemdar som ikkje direkte retter seg mot trafikk, bør kunne etablerast på areal som i dag er jordbruksområde, dvs Dalegården og Johagen. Desse vil vere attraktive i forhold til avstand til bil/jernbane.
  6. Geitabotn bør nyttast ved utbygging av K5. Kan lagre inntil 4.000.000 kubikk steinmassar. Mange positive utfall:
    - a. Tilgang til lokale steinmassar sparar mykje tid og dermed kostnader for lokale entreprenørar
    - b. Lågare kostnader for bygg i kommunen
    - c. Eit steinknuseverk vil føre til fleire nye og permanente arbeidsplassar i kommunen
    - d. Mogleg utvikling av FV569 vil tvinga seg fram
  7. Vaksdal:
    - a. Det bør i reguleringsplan vere opning for at ein kan setje opp mindre bygg for næringsdrift i Vaksdal sentrum
    - b. Med K5 gjennom sentrum må dagens innbyggjarar og næring flytta til andre stader. Det er ikkje realistisk at all næring flyttar til Vaksdal mølle så det bør opnast for moglegheiter for næring og i andre område.
    - c. Bustadfelt i Tolåsen må vente til trasè for K5 er avklart. Trase gjennom Tolåsen mest gunstig for bygda.
  8. Stanghelle: utbygging frå Agnavika og ut til Holmen svært uheldig då Agnavika er viktigaste grøntareal i bygda. Badeplass lenger inne i Dalevågen er ikkje god erstatning: uskjerma,
1. Teken til orientering. Kommuneplanen kan vere eit av fleire verkemiddel for å auke attraktiviteten for busetting og næringsliv i Vaksdal.
  2. Hensikten med målsettinga er at kommunen skal heie på utbyggjarar som tør tenkje nytt og innovativt.
  3. Mykje av bygningsmassen på Dale fabrikkar er endra frå industri- til sentrumsføremål. Det aukar fleksibiliteten og gjer at bygga kan transformerast og fyllast med nye funksjonar.
  4. KPA er utforma slik at Dalegarden ikkje skal konkurrere ut sentrumskvalitetane på Dale. Dale sentrum ligg omtrent like lett tilgjengeleg frå E16 som Dalegarden.
  5. KPA er utforma slik at minimalt med dyrka mark skal verte omdisponert frå LNF til byggeområde.
  6. Teken til orientering.
  7. Teken til orientering.
    - a) KPA opnar for vesentleg næringsutvikling i Vaksdal sentrum. Områdereguleringsplanen vil detaljere rammene for utviklinga her.
    - b) Det er vurdert at det er høveleg med areal for næringsområde i planen
    - c) Teken til orientering
  8. Arealet er fjerna etter høyring



	<p>kaldare vatn og nær togline. Fyll heller lenger vest mot Tettaneset: større område som kan fyllast ut, mindre inngrep i dagens bygdeprofil, djupare så ein kan bruka meir steinmassar.</p> <p>9. Dale: må legge til rette for meir næringsareal og bustadareal dersom ein ynskjer vekst (jf pkt 1). Bør vurdera omdisponering av jordbruksareal. Kan ikkje sei nei til nytt næringsareal for å skjerme eksisterande næring (hemmande for nyskaping). Soltilhøve er dårleg uansett så det kan ikkje vere argument for ikkje å tilrå nybygg.</p>	<p>9. Det er vurdert tilstrekkeleg areal i tråd med venta etterspurnad i Dale. Det er stort potensial knytt til fortetting og transformasjon av Dale fabrikkar</p>
20	<p><u>Langhella Aage m.fl, 31.10.18:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ser ikkje behov for småbåthavn Stavenes då dei fleste på Stavenes har tilgang til fjorden. Dersom den skal nyttast av andre vil det føre til meir trafikk på eit overbelasta og dårleg vedlikehalde vegsystem. Utkøyrsla til E16 er livsfarleg. Tiltaket vil forverre problem med parkering på Stavenes og gi meir støy/ trafikk på fjord og land for naboar.</li> <li>2. Stavenes vel er ein liten samanslutning som ikkje representerer fleirtalet av innbyggjarane på Stavenes.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Areala for småbåthamn på Stavenes er uendra frå førre plan. Det er lagt inn ein føresegningsone som opnar for flytebryggjer i naustområdet</li> <li>2. Teken til orientering.</li> </ol>
21	<p><u>Boge Anders, 20.12.18:</u></p> <p>Ang. naustområde på gnr 12, bnr 1 på sørsida av Bogaelva ved sjøen. Området kan reduserast til elvekant. Ynskjer at området går nokre meter ut i sjø på vestsida. Legg ved skisse.</p>	<p>Innspelet er vurdert å vere noko for detaljert til at det passar for KPA. Bør løysast i ev. byggesøknad</p>
22	<p><u>Bryggekanten Båtforeining, 19.12.18:</u></p> <p>Tolkar det slik at dagens marina ligg i eit område som er avsett til industri/næring og at marinaen difor kanskje må avviklast dersom bruken av området vert endra, til dømes om marinaområdet vert fylt med steinmassar.</p> <p>Det er avsett areal for marina ved Boge Mølle og Sandvik, men desse er i liten grad tilgjengeleg for brukarar frå Vaksdal. Det er stor etterspurnad etter marinaplassar på Vaksdal, men dei må vere tilgjengeleg. Ber om at det vert avsett areal for marina på Vaksdal. Foreslår ei evt. ny plassering ved Laksaneset/ Vågen (kartskisse vedlagt).</p>	<p>Kommuneplanen legg ikkje opp til å fjerne dagens småbåthamn på Vaksdal. I arbeidet med områdeplanen vil småbåthamn/marina kunne verte eit tema</p>

23	<p><u>Bernes Roe, 31.01.18</u>  Ang. V- 06 Bustadområde ved Tveitane, Ueinig i KU:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Landskap: Utbygginga vil verte litt eksponert mot Tveitane, men ikkje som Sædalen. Ikkje meir terrenginngrep enn andre tilsvarande prosjekt.</li> <li>• Nærmiljø- friluftsliv og Barn og unge: At han, som grunneigar, har tillete borns bruk av området (gapahuk mv), kan ikkje brukast som argument for at utbygginga vil øydelegge kvalitetane. Positiv til å etablera gapahuk m/ tilhøyrande aktivitetar annan stad i området. På oppsida av det nye bustadområdet er det fleire turstiar som kan nyttast, blant anna til Allsætra.</li> <li>• Trafikk: Dersom det ikkje er mogleg å rusta opp vegen til vassbassenget til bilveg, vil han finna alternative trasear til bustadområdet. Trygg skuleveg vil koma på plass.</li> <li>• Folkehelse: Mange turstiar i området</li> <li>• Ekstremvær: Overvatn vil handterast, bustadområde mot Tveitane vil sikrast</li> <li>• Samla vurdering: Vaksdal vil utvikla seg og treng nye bustadområde. Området er attraktivt for bustad. Ikkje verdifullt natur- og kulturlandskap, men lokalisert slik at ein kan kome seg til meir attraktive turområde. Gang/ sykkelavstand til sentrum. Ny E16 vil ikkje koma i direkte kontakt med området og dette er såleis ikkje noko argument. Bustadområdet har langt fleire positive sider enn negative. Reknar med kommunen ser positivt på at han ønskjer å utvikla området.</li> </ul>
----	--

Teken til orientering. Tilrådinga i KPA ligg fast.

24a og 24 b	<p><u>Sædalen sameige (Gnr 15, bnr 2, 4, 6, 8), 19.12.18:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. (uttale 24 a): Ynskjer at fritidsbustadarealet i Herfindalen (LSF-1) vert utvida litt mot syd (skisse vedlagt). Området ligg naturleg til ved andre fritidsbustader. Det er delvis markert som dyrka mark, men området er ikkje eigna til dette føremålet: Ikkje i bruk sidan 80-talet, 350 m over havet, lite, mindre tilgjengeleg i landbruksamanheng, utmarksbeite. Antar at planperioden vert meir enn 4 år.</li> <li>2. (Uttale 24b): Naturleg å byggja fleire fritidsbustader i Herfindalen. Ber om at talet på fritidsbustader vert auka frå 4 til 6 (4 nye i staden for 2 nye).</li> </ol>
-------------	--

Arealet er utvida, men kvota er den same (2)

25a

Geir Aage Frotveit, 19.12.18:

1. (25a) Ønsker ikkje at naust eigedomen deira på Vaksdal skal gjerast om til LNFR- område. Ser ut som om det berre er deira eigedom som er foreslått omgjort. Tomta er og feil. Dette må ryddast opp i.
2. (25b): Gbnr 16/28 og 29 i Sædalen ønskjer dei å behalde med føremål som i dag. Ønskjer moglegheit til å utvikla i framtida. Har hatt interessent tidlegare. Jarle Larsen skal ha areal til garasje. Vil bore etter vatn og då evt. vurdere garasje og pumpehus i eitt. Dagens formål er positiv for alle parter. Ønsker at det blir slik i framtida og.

1. Nye naust bør etablerast som del av eksisterande naustmiljø. Det er vurdert at arealet som er omtalt i innspelet ikkje er ein del av eksisterande naustmiljø.
2. Eigedomen er satt til LNF-spreidd, utan kvote for nye einingar.

<p><b>26</b> <u>Stanghelle Vellag (over 150 husstandar), 19.12.18.</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. KU har ikkje skissert vitale konsekvensar for aktivitetar, båt plassar og sjøliv, noko som bidrar til bulyst på Stanghelle. Erfaring viser at tilgjengeleg areal for bustadbygging ikkje skapar folketalutvikling isolert sett. Andre trivselsfaktorar har større marknadsføringseffekt.</li> <li>2. Stanghelle har regulert bustadareal på vestsida mot Tettaneset for over 100 bustadeiningar. Dette vil stetta etterspurnad i overskueleg framtid, ut frå nedjusterte folketalutviklingsprognosar. Ein treng såleis ikkje legge til rette for meir bustadbygging som kjem i stor konflikt med attraktivitetar.</li> <li>3. Vert det ny stasjon i Uradalen/ Døso må støynivå frå togtrafikken kartleggjast, samt det må definerast kva areal som vert råka av utbygging. Minst mogeleg areal/bustader og sentrumsfunksjonar må fjernast. Eit krav frå Vellaget at det vert bygd kulvert/lokk over ny jernbanestasjon.</li> <li>4. Sentrumsområdet: Utfylling i sjø på begge sider av fjorden må ut av planen. Utfylling vil gje bortfall av 59 båt plassar og 23 naust, samt skapa vanskelege straumforhold for båtar og kajakkar. Uvisst om grunnforholda toler utfylling.</li> <li>5. Skravert område, utfyllingsområde mot Holmen: Må teken ut av planen. Må ikkje øydeleggje badeplassen Angnavika. Viktig trivselsfaktor. Utfylling vil og skapa vanskelege straumtilhøve ved marinaen og mot Hetta. Uvisst om grunnforholda toler utfylling. Utfylling vil øydeleggje noko av det finaste vi har i bygda og det som tilreisande legg merke til. Tap for bygda, men og for tilreisande frå andre bygder som nyttar området. Ein av få stader som ligg sentralt og som er egna til bading/ rekreasjon. Feil i KU: Området ved Agnavika har eit rikt naturmangfald, er ein spesiell biotop, og er t.d. sårbar ndg laksen (vandringsslei), ål, og raudlistearten fiskemåke (hekkeplass på Holmen). Ei utfylling vil også true artane som lever her.</li> <li>6. Grønt område, friluftsområde: Ein ev. badeplass på austsida av jernbanebru bør ut av planen. Ikkje egna: for kaldt vatn (elvevatn). Ny jernbanebru vil truleg kryssa området og skapa mykje støy. Kajakkhamna bør liggja i området (forutsett ingen utfylling som gjev vanskelege straumtilhøve).</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Attraktivitet og omdømme er omtalt i planomtalen. Dette vert vidare tema i områdereguleringsplanen</li> <li>2. Kommuneplanen her mål om å legge til rette for bygdeurban utvikling av Stanghelle sentrum. Dette vert lagt til grunn i vidare arbeid med områdereguleringsplanen</li> <li>3. Dette er tema for reguleringsplan for E16/Vossabanen i samspel med områdereguleringsplanen</li> <li>4. Utfyllingsområdet er teken ut av planen</li> <li>5. Dette er teken ut av planen</li> <li>6. Det er ikkje lagt inn badeplass aust for jernbanebrua</li> </ol>
---	---

<p><b>27</b> <u>Stanghelle Idrettslag (SIL), 20.12.18</u></p> <p>Agnavika er i aktiv bruk av busette på Stanghelle og tilreisande, og er eit haldepunkt for barn og unge på Stanghelle- særleg om sumaren. Er og ein inngangsportal til rekreasjonsareal i kring. Å endre utforminga av Agnavika for å skapa plass til byggeland er svært uheldig for framtida til barn og unge.</p>	<p>Planen er endra her</p>
--	----------------------------

Vaksdal båtforeining, 11.12.18 (250 medlemar, 226 med båtplass):

- |   |   |
|---|---|
| <ol style="list-style-type: none"><li>1. Sentrumsformål: Ønskjer at utfylling i sjø vert tatt ut av planen. Bortfall av 80 båtplassar er dramatisk for dei. I tillegg får nær 70 båtplassar og kajakkplassar innom jernbanebruka vanskelegare tilkomst i sterk straum. Det er stor usikkerheit til ufyllinga mht grunnforhold og miljøgifter og auka straumtilhøve (kan blir liknande ei elv i Mjelkevika).</li><li>2. Utfyllingsområde for framtidig bustadareal: Ønskjer at dette vert tatt ut av planen. Ei utfylling vil gje endra/ auka straumforhold utanfor holmen og dermed større bølger ved Marinaen. Ustabile grunntilhøve og moglege miljøgifter gjev stor usikkerheit og risiko for utfyllinga. Utfyllinga raserer og Agnavika som badeplass, som har stor betydning for folk på Stanghelle og Dale. I området er det eit rikt fugleliv, viktig område for sjøaure og oppvekstområde for andre fiskeslag. Tilgang til båtplassar og badeplassar er eit fortrinn med tanke på folketalsutvikling (marknadsføringseffekt) og bør vektleggjast framføre eit avgrensa areal til bustadbygging.</li><li>3. Friluftsområdet på austsida av jernbanebrua ikkje egna som badeplass: kaldt vatn, støy frå ny jernbanebru.</li><li>4. Sjøarealet ned ny Marina må aukast / forlengast med minst 80 m mot Hetta. Dette for å møte framtidig behov, samt behov som kan verte aktuelt som konsekvens av framtidig jernbanetrase (sjå pkt 6).</li><li>5. Vaksdal kommune bør gje merknad til K5 om at ny jernbanebru kan hindre passasje for større båtar innanfor brua.</li></ol> | <ol style="list-style-type: none"><li>1. Utfyllinga er teken ut av planen</li><li>2. Utfyllinga er teken ut av planen</li><li>3. Detaljane for sentrumsutforminga gjerast i områderegeringsplanen</li><li>4. Dette må vurderast i samspel med reguleringsplan for fellesprosjektet E16-Vossabanen og områderegerplan for Stanghelle</li><li>5. T.O.</li></ol> |
|---|---|

29

Finn Fossmark, Mona Grenasberg, Johnny Stanghelle og Tor – Arne Helle, 18.12.18:

1. Stanghelle: Ber om at det blir gjort klart for kulvert i KPA og at kommunen arbeider for å få dette til når K5 kjem. Kulvert vil kunna gje areal til utnytting tett ved togstoppet og skjerm for støy. Vaksdal kommune skreiv til prosjektleiinga i K5 i juni 2017 om stasjonsløysinga som er planlagt (grøft i landskapet) : «Av moglegheitsstudien for Stanghelle går det fram at denne løysinga er lite eigna for vidare utvikling av Stanghelle». Kvifor vert dette no presentert som ei god såkalla knutepunktsutvikling i KPA? Støysonekartet heller ikkje lagt fram slik det er pålegg om. Stor mangel i KU og arealdel.
2. Ber om at utfylling langs fjorden på Stanghelle både på aust og vestsida blir tatt ut av planen. Bør prioritere fjordmiljøet i ein nasjonal laksefjord. (Kommunen har sagt at det ikkje skal etablerast tiltak eller aktivitetar som kan skade villaksen). Utfylling vil medføre forureining og skader i fjordens økosystem. Har vore store utfordringar med utfylling før. I uttale til K5 har kommunen vektlagt tilgang til strandsona og fjorden. Dette samsvarar ikkje med å foreslå utfylling sjølv. Manglar i KU: Innsnevring av fjordløpet kan gje konsekvensar for båtferdsel, bølger og evt. den nye badeplassen. Auka straum gjev også masseflyttingar av botnsediment. Truleg miljøgifter ved ny badeplass. Raudlista ål utanfor Agnavika og langs heile Vågen. Holmen: hekkeområde for raudlista fuglar.
3. Ber om at utfyllingsområdet ved Agnavika mot holmen vert tatt ut. Eit av få attraktive friområde ved sjø i kommunen skal øydeleggast. Mykje brukt av barn og unge. Utbygging vil forverre verdien av Stanghelle. For Stanghelle er strandsona med svaberg, stiar og friareal del av identiteten. Dette vil ikkje gje fleire tilflyttarar. KU har oversett tilgjengeleg kunnskap om naturmangfald og verdi som friområde. Forslag til nytt badeområde er ikkje optimalt: Har vesentleg kaldare vatn, forskjell flo/ fjøre gjev sterke straumar slik at bading vert farleg/ umogeleg, kostnad med flytting av badeområde er stor, området vert liggande nordvendt i skuggen av ny jernbanebru.

1. Dette må vurderast i samspel med reguleringsplan for fellesprosjektet E16-Vossabanen og områdereplan for Stanghelle
2. Arealet er teken ut av planen
3. Arealet er teken ut av planen

30

Anny Thunestvedt, 13.12.18

1. Er i mot: Utfylling av Agnavika og replassering av badeplass til ein plass med skugge, der vatne er kaldt og straumfyltd.
2. Er i mot open jernbane gjennom sentrum: Då er det minimum at bana ved innebygd med fullt kulvert.
3. Har utviding av eksisterande jernbaneline med dobbeltspor vore vurdert?

1. Arealet er teken ut av planen
2. Dette må vurderast i samspel med reguleringsplan for fellesprosjektet E16-Vossabanen og områdereplan for Stanghelle
3. Ref. statleg plan for E16-Vossabanen og KVVU for Bergen Voss

31	<p><u>Veronika Heimdal, 14.12.18:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vil verna Agnavika frå å bli attfylt og nedbygd. Er eit samlingspunkt for folk på Stanghelle og andre i kommunen. Ikkje raser eit flott naturområde som mange er glad i.</li> <li>2. Er i mot open jernbane gjennom Stanghelle. Bygg den på ein måte som gjev minst mogeleg inngrep i bygda.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planen er endra. Ingen fylling i Agnavika, med mindre det vert vurdert på nytt i områderegeringsplanen</li> <li>2. Dette må vurderast i samspel med reguleringsplan for fellesprosjektet E16-Vossabanen og områderegerplan for Stanghelle</li> </ol>
32	<p><u>Tor – Arne Helle og 12 andre personar, 20.12.18:</u></p> <p>Ber om at eksisterande bustadområde på Helle (skisse vedlagt) framleis blir bustadområde, og ikkje vert omgjort til LNFR. LNFR gjer at dei som bur der må ha dispensasjon for tiltak. Belastande for dei. Området er isolert mellom veg og sjø. Kan ikkje sjå at dette er annleis enn tilsvarande område i Hellestræet – kor ein ikkje går for LNFR.</p>	<p>I tråd med måla for kommuneplanen bør nye bustadar i hovudsak lokaliserast i gang/sykkelavstand til Stanghelle stasjon. Arealet som tidlegare var byggeområde for bustad er <i>LNFSpreidd</i> i ny plan for at grunneigarar framleis skal kunne gjere somme tiltak på bygd eigedom.</p>
33	<p><u>Tove Rodriguez, 20.12.18:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ber om at arealet for musikkpaviljongen på Dale vert vist som «Grønstruktur» med underføremålet «Park». Dette vil harmonere med utkastet til føresegner og retningsliner for «Park» i denne høyringa. Syner til rettleiar M100-2014 om at grønstrukturplanlegging skal integrerast i kommuneplanarbeidet. Kommunestyret bør nytte høve til å ivareta musikkpaviljongen som ein del av attraktiviteten, stadidentiteten og bustadkvaliteten i ei framtidig utvikling av Dale.</li> <li>2. Ber om at ein sikrar at og musikkpaviljongen med tilhøyrande parkområde får retningslinja om at det skal utarbeidast designprogram. Viser til vedtak i sak 98/87 med mål om å ruste opp paviljongen.</li> <li>3. Viser og til tidlegare innspel til sak 85/2018 og 18/1206.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. I arbeidet med områderegeringsplan på Dale vil detaljane for sentrumsområdet verte stadfesta. Det er naturleg at eksisterande grønstruktur som har stor verdi for Dale ikkje vert endra. Det er eit klart fokus på å bygge vidare på eksisterande verdiar. Likevel har KPA ein fleksibilitet som opnar for kreativitet i utviklinga av Dale sentrum, slik at planen ikkje skal vere eit hinder for kreative nye løysingar som kan verte enda betre enn dagens struktur. Dette er ein balansegang mellom styring og fleksibilitet.</li> <li>2. Sjå 1.</li> <li>3. Teken til orientering.</li> </ol>
34	<p><u>Oddmund Straume</u></p> <p>D-03 Geitabotn kan utvidast noko meir (har lagt ved kart) fordi:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bør ha mest mogeleg lagringskapasitet for å vere aktuelt for K5</li> <li>2. Godt eigna for avrenning. Kan samlast/ rensast først då det er fjellgrunn.</li> <li>3. Innafor lengde for kor langt SSV vil køyre massar</li> <li>4. Når K5 er ferdig kan grunneigar og kommunen ta ut dei deponerte massane. Positivt at kommunen bruker eigne massar (jf driftsutgifter) og kort avstand for dei som vil kjøpe.</li> <li>5. Vegutbetring på fv 569 kan vere noko som kjem innbyggjarane til gode også i ettertid.</li> <li>6. Om ikkje K5 er aktuelt er det uansett behov for deponi/ tipp i Vaksdal (om enn i mindre skala)</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Området må regulerast i samband med reguleringsplan for E16-Vossabanen. Endeleg utforming vert gjort i det arbeidet</li> <li>2. Teken til orientering</li> <li>3. Teken til orientering</li> <li>4. Teken til orientering</li> <li>5. Teken til orientering</li> <li>6. Teken til orientering</li> </ol>

35

Anne Lise Leiren Mastervik og Mats A. Mastervik, 19.12.18:

Gjelder del av gnr/bnr 47/2 i Hagen på Stamnes (kart vedlagt). Dette er omgjort frå næringsareal camping (gjeldande KPA) til LNF. Ønsker fortsatt næringsareal camping fordi:

1. Området er bebygd med ei løe og området sine kvalitetar vert no ønska utnytta til næring/ utleige av båt plassar, naust, sjøbuer etc, gjerne i tilknytning til formidling av tradisjonar knytta til laksefiske, sitjenot etc.
2. Meiner ein bør å ha formål som bygger opp under ei samfunnsutvikling for Vaksdal med fleire tilbod til både innbyggjarar og turistar.

1. Arealet er teken ut av omsyn til dyrka mark, strandsone og nærleiken til skulen.

2. Sjå 1



Nieves Tur, Renate Vik, Geir Magne Gammersvik (Stamnes idrettslag og Bygdelaget på Stamnes), 20.12.18:

1. Ber om at barnehagetomt på Stamnes, som er føreslått endra til LNF Spreidd bustad, vert liggande som i dag, inntil ein har ein avklart situasjon om kor barnehagen skal ligge. Uansett foreslår dei at arealet vert vidareført som offentleg tenesteyting ev i kombinasjon med friområde el. Det er kortsiktig gevinst å selgje arealet. Kommunen eig lite på Stamnes og bør halde på arealet til allmenne føremål. Behovet for bustader er uansett dekkja annan stad i bygda. Området har kvalitetar som bør kome ålmenta til gode: Nær Stamnes sentrum, lun, solrik, eignar seg til utandørs opphald, egna for UU, kort veg til p-areal i sentrum/ ved kyrkja. Potensiell bruk
  - a. Kort sikt:
    - i. Park- og leikeområde for bygda, sentralt i sentrum: klatrepark (jf. fjellvegg ved barnehagen. SIL har leita etter egna stad), skaterampe e.l, frukthage, felles uteområde med bord og benkar (for bebuarer på Sveabrekko), naturtorg med konsertar/ arrangement, ski- og akeområde (jf tilgrensande areal)
    - ii. Kompensasjon for tap av naturleike- område for barnehagen, base for halve/ heile utedagar både for barnehage og skule dersom oppveksttun vert realisert: Med eit skur til utstyr og lavvo vil ein ha ein base.
  - b. Lang sikt:
    - i. Kommunale bustader i tilknytning til Sveabrekko?
    - ii. Re-etablering barnehage dersom vekst i folketal pga K5. Kan verke som ein ønskedraum, men manglande langsiktig planlegging kan hindre utvikling. I mellomtida kan ein ha nytte av arealet, jf ovanfor.
2. Sjøveg for passasjerbåt Stamnes – Stanghelle? Fylkesveg 569 vil aldri kunne utbetrast i sin heilskap pga topografien. Med ein passasjerbåt til Stanghelle med gangavstand til togstopp, vil ein ha ein trygg, føreseieleg reiseveg og ei reisetid ned mot ein halv time frå Stamnes til Bergen. Kommunen vert og tettare og innbyggjarane kan nytte felles tilbod (kafe arrangement o.l). Sjølv om ein ikkje er der no bør ein ikkje leggje opp til utbygging på Stanghelle som kan hindre dette.
3. Til Planomtalen:
  - a. Skule og barnehage er særskilt viktige verkemiddel for å halde på, og auke folketalet. Ber om at dette vert omtala i kapitelet om Stamnes.
  - b. Stamnes barnehage er *verdas finaste* og best plasserte barnehage. Dersom ein IKKJE får til oppveksttun i Sanden må det være avklart i planen at barnehagen kan eksistere vidare der den er. Det er uvisse om fleire høve knytt til realisering av eit

1. Barnehagen kan halde fram som før. Avgjerd om sal av eigedom er ikkje tema i KPA

2. Kollektivtrafikk driftast av fylkeskommunen. Eventuelle kaiareal kan sikrast gjennom reguleringsplan

Planomtalen tek ikkje stilling i debatten kring skulestruktur i Vaksdal kommune. Skulen si rolle i lokalsamfunnet er omtalt

- d) Barnehagen kan halde fram drifta si sjølv om han ligg i LNF-spreidd.

	oppvekststun, blant anna økonomi, flaumsituasjon og sikring mot erosjon. Meiner denne problemstillinga bør koma fram.	
37	<p><u>Eidsland Grendalag, 19.12.18</u></p> <p>Har ynskje om ny formulering for kap 3.8.2 i Planomtalen: Eidsland og Eksingedalen mot 2030. Sjå eigen formulering i innspelet. Oppsummering av element i formuleringa:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kommunen må ynskje vekst i folketal for dette området og.</li> <li>2. Kommunen skal vere pådrivar overfor fylkeskommunen for utbetring av fv 569. Slik kan lokalsamfunnet framleis vere levedyktig.</li> <li>3. Tilflyttarar til dette området søker andre verdjar enn det bygdeurbane livet i stasjonsbyane og planen må svare på det.</li> <li>4. Kommunen skal ta ansvar for at kommunen sin del av arealet ved sentrumsområdet på Eidsland vil bli vedlikehalde på ein tilfredsstillande måte.</li> <li>5. Bruk namnet Eidsland og ikkje Eidslandet (gjeld og 3.10.3 i Planomtalen).</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Måla for kommuneplanen er bygdeutvikling i ytre delar av kommunen, men store vekstmål på Eidsland er ei utfordring mellom anna knytt til vegstandard og etterspurnad.</li> <li>2. Teken til orientering</li> <li>3. Teken til orientering, delvis omtalt i planomtalen</li> <li>4. Teken til orientering</li> <li>5. Ein har valt å nytte stadnamn slik dei kjem fram i kartverket sine stadnamndata. Her er begge namna nytta.</li> </ol>
38	<p><u>Eidsland mot 2030 v/ Randy Witt/ Stig Norheim, 30.10.18</u></p> <p>Viser til mål om eit lite sentrum kring butikken på Eie. Det vert arbeida med skisser for å opparbeide sjølinja og gjere denne trivelegare/ meir tilgjengeleg. Dei vil og til retteleggje betre for turistar. For å få ein god start på dette ber dei om at kommunen bidreg med betongflytebyggje (som på Stamnes).</p>	Teken til orientering

39

Eksingedalen bygdaråd, 18.12.18

1. Lite informasjon om Eksingedalen i planen, må få eigen omtale (Eidslandet ikkje del av Eksingedalen). Bygdarådet gir i merknaden mykje informasjon om aktivitetar og arbeidsplassar i Eksingedalen som kan nyttast i omtalen.
2. Eksingedalen mot 2030: Ynskjer at:
  - a. det er mål om vekst i folketal og mål om auka tal arbeidsplassar innan turisme eller bygdenæring
  - b. det leggjast til rette for friluftsturisme / småskala turisme. Har i dag aktivitetstilbod som blant anna attraktiv fiskeelv og er inngangsport til Stølsheimen.
  - c. Eksingedalen også er eit målområde når det gjeld fritidsbustader, bygdeutvikling.
  - d. ein ved vurdering av fråskilling av tomter legg vekt på at folk vil busetja seg her.
  - e. ein opnar for etablering av camping eller andre fasilitetar for fiske-turistar
  - f. det er eit mål å få etablert ein utstilling kopla til flyvraket på Kvitanosi, på Gullbrå.
  - g. det kan planleggjast areal rundt butikken på Lavik til vidareutvikling av tilbod her.
  - h. det er mål om å få bygd gjennomgangsbustader på kommunen si tomt på Lavik.

1. Beklageleg at Eksingedalen verkar underkommunisert. Planomtalen har 80 sider og bør ikkje verte for omfattande.
2.
  - a) Måla for kommuneplanen er bygdeutvikling i ytre delar av kommunen, men store vekstmål i Eksingedalen er ei utfordring mellom anna knytt til vegstandard og etterspurnad.
  - b) Det ligg somme areal for fritids- og turistverksemd i dalen. (Ved Flatekval og Lavik.)
  - c) Planen opnar for kring 30 fritidsbustadar i Eksingedalen i LNF-spreidd.
  - d) Teken til orientering
  - e) To areal for fritids- og turistformål i Eksingedalen
  - f) Teken til orientering
  - g) Butikken på Lavik er gitt stor fleksibilitet for utvikling i planen gjennom Kombinert byggeformål.
  - h) Teken til orientering

40

Øvre Eksingedalen Grunneigarlag, 20.12.18

Sluttar seg til merknaden frå Eksingedalen bygdaråd.

1. Eksingedalen omtales for lite eksplisitt. Det er ulike kulturar i Eidslandet og her. Kan dette skyldast dette at man har fått same postnummer?
2. Ønsker ein auka aktivitet og tilflytting må en ikkje praktisere retningslinjene strengt. Unge folk og andre innflyttarar vil ønske nyare og meir moderne hus, og då må ikkje retningslinjene forhindre nybygg. Under ordførar Øyvind Olsnes fekk administrasjonen anmodning om å handsame byggesaker frå Eksingedalen «velvillig». Håper dette framleis kan praktiserast.
3. Ved handsaming av søknader om hyttebygging og annan arealkrevjande verksemd ber dei om at det blir tatt omsyn til i kva grad dette vil legge føringar på naboane sin moglegheit til å bruke sin eigedom til jordbruksformål og eventuelt andre aktivitetar i framtida. Den første sin arealbruk må ikkje vere så stor at det sperrer for den neste sine moglegheiter. Ved handsaming av slike søknader vil det gjerne bli lagt vekt på tilliggande utmark og fellesareal.

1. Beklageleg at Eksingedalen verkar underkommunisert. Planomtalen bør ikkje verte for omfattande.
2. Kommuneplanen er ein balansegang mellom fleksibilitet og styring av areal. Utfordring i Eksingedalen er at etterspurnaden er noko uklar
3. Teken til orientering

41	<p><u>Kari Børvik, 12.12.2018</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ønskjer at reguleringsplan for hyttefelt på Gards nr. 61 og Bruks.nr.1 og 2 i Eksingedalen skal fortsetja, og teken inn i KPA igjen</li> <li>2. Ønskjer oppgradering av hytte-planen då den ikkje er i tråd med dagens standard til hyttetomter. Kjem tilbake til dette når pkt 1 er godkjent.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Arealet er teken ut fordi det har vore lenge i KPA utan at det har vorte realisert, eit teikn på manglande etterspurnad. Arealet er og innanfor aktsemdområde for skred.</li> <li>2. Kan eventuelt gjennomføre ein reguleringsplan med konsekvensutgreiing om framlegget er i strid med kommuneplanen</li> </ol>
42	<p><u>Styret i Bergsdalen jordbrukslag, 19.12.18</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vonar folketalutvikling, bustad, næringsutvikling og samferdsle og skal prioriterast i Bergsdalen, som er ein stor del av Vaksdal kommune.</li> <li>2. Samferdsle: Punkt 2.5.2 må vere meir positiv. Fv 314 er den viktigaste omkøyingsvegen for E16 når det er stengd mellom Dale og Bulken. Ein plan for opprusting og sikkerheitsvurdering av vegen, med omsyn til fastbuande og andre trafikantar, må kome med i arealplanen. Minner om at planen seier at alle skuleborn skal ha trygg skuleveg.</li> <li>3. Bustadbygging: ein må ha moglegheit for spreidd bustadbygging på alle gardsbruka i dalen. Må vera valfritt om nyetablerarar ynskjer å etablere seg i eit eldre eksisterande hus eller byggja nytt. Viktig å vera positiv til dei som ynskjer å busetja seg. Slik vil ein og nå målet om meir variert bustadstruktur.</li> <li>4. Veg/tursti på sørsida av Bergsdalselva: Uheldig at det er krav om at alle reguleringsplanar nær stien skal ta denne inn. Har grunneigar andre planar, må grunneigar sine ynskje kome først. Alle berørte grunneigarar bør kontaktast før planen vert vedteken.</li> <li>5. Fritidsbustader: svært ulik fordeling av fritidsbustader mellom gardsbruka. Nokre får inntekter, andre ikkje. Alle bør få inntekter. Trur at politikarane bør fastsetja eit vist bakgrunn areal for kvar hytte, så ein får ein betre fordelingspolitikk.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. VK meiner at planen gjev høve til monaleg utvikling i Bergsdalen</li> <li>2. Fv.314 er lite eigna som beredskapsveg for E16. Trafikken vert oppmoda til å nytte fv. 7 gjennom Hardanger ved stenging på E16.</li> <li>3. Det er ikkje vurdert at det er tenleg å opne for spreidd bustadbygging i alle gardsbruka i Bergsdalen. Planen legg opp til noko utbygging i LNF-spreidd. For eventuelle byggjesøknadar utanfor desse områda må det vurderast dispensasjon.</li> <li>4. Ein forventar at grunneigar vil vere part i ein regulerings sak og at regulering ikkje skjer på tvers av grunneigar sine ønskje</li> <li>5. Areal for fritidsbustadar er etablert med bakgrunn i faglege, arealmessige vurderingar utan omsyn til eigedomstilhøve.</li> </ol>

<b>43</b>	<p><u>Olaug Fagerbakke og Helge Terje Fosse, gnr 77, bnr 1 (Bergsdalstunet)</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fv 314 viktig for gjester, varelevering, gardsdrift. Held ikkje mål, begrensar tilkomst for bussgjester og fordyrar varelevering. Kommunen må vere aktiv for å få til utbetring av vegen. Endre innstillinga si og formuleringa i KPA.</li> <li>2. Hytter: Ynskjer å sette opp hytter for servering for gjestene sine: Ei nord for Bergsdalstunet og ei i Skredena, begge på murar frå gamal utløe. Viser kart.</li> <li>3. Ynskjer å utvide feltet BFT som vist på kart</li>   <li>4. Ynskjer å utvide BKB-5 slik at heile skileikeanlegget kjem med, sjå kart. Dette då uvissa rundt skulen vil og medføre uvisse rundt skileikeanlegget.</li> <li>5. Veg/sti på sørsida av elva må og kunne brukast av grunneigar i den grad det er behov for det.</li> </ol>
-----------	--

<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vaksdal kommune kan ta initiativ mot fylkeskommunen for å starte prosessar kring tiltak på fv. 314. Det er ikkje primært eit tema for KPA.</li> <li>2. Det er ikkje ønskjeleg legge ut areal for bygging av fritids- eller utleigebustadar så langt frå eksisterande bygnad og veg. Området er og innafor aktsemdområde for skred. Tilrår grunneigar å undersøke kva spelerom som ligg innanfor LNF-formålet for opprusting av desse hyttene. Eventuelt søkje om disp.</li> <li>3. Ikkje tilrådeleg med ei slik vesentleg utviding av byggeområdet med omsyn mellom anna til kulturlandskapet i området. Tilrår å eventuelt vurdere ei utviding gjennom reguleringsplan med KU.</li> <li>4. Det er ikkje tilrådeleg å utvide BKB-5 opp i lia, inn i eit sårbart landskap og aktsemdområde for skred. Utviding kan eventuelt vurderast gjennom reguleringsplan med KU.</li> <li>5. Teken til orientering</li> </ol>
--

<b>44</b>	<p><u>Arnfinn Trøen, Ragnvald Berge, Dan Berge.</u></p> <p>Turvegen på sørsida av Bergsdalselva bør vere minimum 6 m brei, dvs turvegen + rydda trase på sidene av vegen. Sjølve turvegen bør vere 3,5 m i øvre del og 4,5 lenger nedover i dalen. Dette fordi:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trakkemaskin med klassisk spor og løypetrase krev min 4 m. I tillegg bør ein ha ein margin på 1 m for å unngå uhell.</li> <li>• Trakkemaksina som i dag køyrer i øvre del av Bergsdalen/ Hamlagrø er i dag 5 m brei. Det er ønskjeleg å kople desse løypenettene og samkøyre prepareringa.</li> <li>• Turvegen vil truleg verte bygd ved hjelp av utstyr som krev at vegen er minimum 3,5 m (traktor/ dumper/ gravemaskin mm).</li> <li>• Kultur og kyrkjedepartementet sin rettleiar seier at dersom turvegar skal nyttast til skiløype må bredda vere minimum 4 m. Dersom eins kal greie å få spelemidlar til turvegen er ein best tent med å halde seg til rettleiaren.</li> </ul>
-----------	--

<p>Eventuell etablering av turveg med slike dimensjonar som indikerast i dette innspelet må detaljerast gjennom reguleringsplan, ref. føresegn 3.1.2.</p>
---

Anne Hilde Fosse Osvold

1. Moglegheitsstudien for Bergsdalen er ein skandale då den berre fokuserte på reiseliv. Fokus på tilflytting, bygging av hus, og levelege vilkår for fastbuande er fråverande. Eit fleirtal av innbyggjarane er ikkje høyrde. Kvifor drøyme om hotell? Framtidas turist vil ha urørt natur, ro, stjernehimmel, ei unik/ ekte bygd, der fastbuande og turistar spelar på lag. Det motsette av masseturisme.
2. Hyttebygging:
  - a. Bør stille krav om bakrunnsareal, maks kvm på hytte, og antall bygg på tomta. Har ingen tru på at slike kriteriar vil setjast i den enkelte reguleringsplan. Kven vil vel gjera det?
  - b. Kanskje burde det vore sagt noko om maks tal fritidsbustadar samla i dalen?
  - c. Det må og sikrast at dei grunneigarane som ikkje har hatt planar om hyttefelt kan få det. Kan ikkje vere slik at nokon berre får ulemper.
  - d. Burde sjå på auka eigedomsskatt til hytter, -våga å være litt upopulær.
3. Husbygging:
  - a. Kommunen må vere meir positiv til tilflytting til Bergsdalen og kommunisere dette ut. Har vore fråverande i fleire år. Berre fokus på reiseliv.
  - b. Det må være mogeleg for at fleire i ein syskenflokk/ anna tilknytning til gardsbruka enkelt kan få skilje ut ei tomt. Hjelper ikkje med tomt på Lid om du vil bu på Fosse.
  - c. Byggjefelt er òg viktig, det må finnast mogelegheiter for alle som vil flytte til dalen
4. Hovudveg:
  - a. Kommunen må arbeide for at vegen vert prioritert då trygg skuleveg må gjelde i Bergsdalen og (Eit liv her er like mykje verdt som på Dale) og det er steinnedfall kvar dag. Faren for liv tek på psyken. Har rett til å føla seg trygg.
  - b. Det må leggjast til rette for p-plassar langs vegen slik at utrykkingskøyretøy kjem seg fram.
5. Veg/ skiløypa langs elva må visast heilt til Fosse. To gardsbruk kan ikkje vera ekskludert for alle moglegheiter.
6. Ikkje personleg, men stiller spørsmål til habiliteten til kommuneplanleggar som legg til rette for auka utbygging av hytter på Berge, utan begrensningar. Sidan eks-mann er utbygger og felles barn sannsynlegvis skal overta garden med økonomiske fordelar er dette svært uheldig. Kommunen verkar uprofesjonell-burde vite betre.
7. Ønskjer felt for hus/ hytter. Legg ved kart. Då det er lagt til rette andre stader i dalen må og Fosse få koma med.

1. Lei for at avsendar ikkje er nøgd med moglegheitstudien for Bergsdalen
2. Hyttebygging:
  - a) Det er vurdert at føresegnen for hytteområda er tilstrekkeleg strenge/fleksible til å legge til rette for god og berekraftig utbygging med kvalitet.
  - b) Planen legg opp til noko fleksibilitet kring utforming av fritidsbustadar. Dei største områda har klare dokumentasjonskrav til mellom anna sårbarheit på trafikksystemet m.m.
  - c) Byggeområda i KPA er etablert ut frå ein fagleg tilråding utan omsyn til eigedomstilhøve.
  - d) Ikkje tema for KPA
3. Husbygging:
  - a) Planen opnar for bygging av somme hus i Bergsdalen i LNF-spreidd og kombinerte byggeformål. VK meiner det er tilstrekkeleg areal for husbygging til å svare på etterspurnaden.
  - b) KPA kan ikkje opne for generelt løyve til fråskiljing av tomtar i LNF område.
  - c) VK meiner det er tilstrekkeleg areal for husbygging til å svare på etterspurnaden.
4. Hovudveg:
  - a) Vaksdal kommune kan ta initiativ til planarbeid og tiltak på fylkesvegen som eigne prosjekt og freiste å få desse prioritert i Regional transportplan.
  - b) Føresegnene for parkering er utforma for å unngå parkering langs riks- og fylkesveg. Sjå mellom anna innspel frå Statens Vegvesen/Fylkesmannen i Hordaland
5. Linja for turveg indikerar trasé. Dersom vidare reguleringsarbeid for denne vegen syner ønskje om ein annan trasé kan det løysast i reguleringsplanarbeidet.

		<ul style="list-style-type: none"> <li>6. Dette kan ikkje kommenterast.</li> <li>7. Syner til mål for KPA for Bergsdalen og Eksingedalen, der det er mål om bygdeutvikling, men ikkje vesentleg folkeauke mellom anna på grunn av tilstanden til vegnettet i området.</li> </ul>
46	<p><u>Magne Sveinung Lid, Karin Groth, Nyheim gard, Høgabuveien 12, Bergsdalen:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Veg/ tursti på sørsida av Bergsdalselva: Må høyrast om denne då «streken» er juridisk bindande. Ønsker den ikkje. Skal ikkje førast over deira eigedom!</li> <li>2. Fv 314/ Fylkesvegane i KPA. Kommunen må jobbe mot fylkeskommunen for å få opprusting og snakke fylkesvegane meir opp. Fv314 er tross alt omkøyingsveg for E16.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>1. Streken indikerer ein intensjon om å etablere gjennomgåande tursti/løype. Dersom denne skal etablerast med ein viss storleik må det skje gjennom reguleringsplan der ein føreset at grunneigarar vert samde om løysing.</li> <li>2. Tolkast som ei oppmoding til VK om å starte eigne prosessar for utbetningsplanar for fylkesvegen.</li> </ul>
47	<p><u>Åsne og Sondre Tesdal Rødland:</u></p> <p>Kan ikkje godta turløypa på sørsida av Bergsdalselva dersom denne er til hinder eller førande for framtidige tiltak på deira eigedom gnr 70, bnr 2.</p>	<p>Etablering av turveg av noko storleik krev reguleringsplan. Ein slik plan føreset grunneigar sine samtykke.</p>

Den Norske Turistforening (DNT), 04.02.19

1. Kommunen har eit stort potensial for naturbasert reiselivsnæring, gardsturisme og lokale mat- og industritradisjonar. Positive til moglegheitsstudiet for Bergsdalen (2017) og vidareføring av dette arbeidet i KPA.
2. Sidan fleire fjellområde har tyngre tekniske inngrep bør det vera eit overordna mål i KPA at ein ikkje ytterlegare fragmenterer dei urørte naturområda.  
Viser til friluftsmeldinga om at kommunane bør unngå utbygging av viktige friluftsområde og definere langsiktige utbyggingsgrenser for eksempel mot snaufjell. Viktig og å signalisere overfor tiltakshavarar som nyttar anna sektorlovverk (energilova, vannressurslova) kva natur- og friluftsverdiar som eksisterer innafør eit område. Rår til:
  - a. Å nytte arealindikatoren for inngrepsfri natur til å avgrense og setje omsynssoner for viktige inngrepsfrie naturområde og at desse områda får retningslinjer og føresegnar.
  - b. Vise viktige innfallsporaler, eldre ferdselsveggar og viktige turstiar i arealkartet.
  - c. Å gi føresegnar til LNF-områda som klargjer vilkåra for bruk og vern, jf pbl § 11-7, tredje avsnitt, 11-9 og 11-11.
3. Kring Storfjella over Leiro er det eit større inngrepsfritt naturområde. I tillegg ligg øvre delar av nedbørfeltet til Hesjedalsvassdraget innanfor dette fjellområdet. Den delen av det regionale villreinområdet som dekkjer området Gavlane, Øykafjellet og Skjerjevasshovden vidare mot Askjellfjellet kunne og vore merka med omsynssone i tråd med interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde. Storafjellet inngår i eit større inngrepsfritt naturområde, delt mellom Vaksdal og Voss. Voss kommune har vist dette med omsynssone i KPA.
4. Hesjedalsvassdraget (063/1) har nasjonal verdi og er verna. Omsynet til denne nasjonale naturverdien bør visast i arealplankartet.
5. Traseen for militærvegen frå Småbrekke over til Kvitingen bør leggjast inn i plankartet m/ omsynssone for kulturminnet. Kulturaspektet er viktig for naturopplevinga.
6. Foreslår omsynssone for:
  - a. Området kring Træet gård: I kartlegging av viktige friluftslivsområder inngår Træet gård i eit område verdisatt som «Svært viktig»
  - b. Høganipa. Eit større inngrepsfritt naturområde strekkjer seg frå Veafjorden og i området kring Høganipa. I friluftslivskartlegginga er delar av området verdisatt som viktig.
  - c. Kvamsnova, Dalseidgjelet, Dystingen, Vetle Dystingen og Verpelstad. Eit større inngrepsfritt naturområde, i friluftskartlegginga verdisatt som viktig
  - d. Rasdalen-Hatlestadkjerringa og Hamlagrø: Inngrepsfritt område med friluftsiinteresser

1. T.O
2. KPA legg ikkje opp til reduksjon av INON områda. Planen inneheld få nye areal til bygging særleg i nærleiken av viktige villmarksområde. Dette er tilført i omtalen av samla konsekvensar av planen for deltema landskapsbilete.
  - a) INON er nytta i vurderinga av konsekvensar for Landskapsbilete. Ikkje vurdert å legge inn eigen omsynssone ettersom det ikkje opnast for bygging i desse områda.
  - b) Det er ikkje vurdert at det er hensiktsmessig å legge inn informasjon i kartet som ikkje er planrelevant. Oppmodar Turistforeininga til å kontakte kommunen for å eventuelt utarbeide gode temakart eller turkart for å fremje friluftslivet i kommunen.
  - c) Føresegnene for LNF-område er justert etter innspel frå mellom anna Fylkesmannen i Hordaland.
3. Teken til følgje. Det er lagt inn omsynssone H560 for omsyn til naturmangfald (villrein)
4. Teken til følgje. Nedslagsfeltet til Hesjedalsvassdraget har fått ein omsynssone.
5. Teken til følgje. Veggen er lagt inn med omsynssone H570\_43
6.
  - a) Ikkje teken til følgje, tilstrekkeleg sikra gjennom LNF-formålet.
  - b) Ikkje teken til følgje, tilstrekkeleg sikra gjennom LNF-formålet. Svært lite utbyggingspress
  - c) Ikkje teken til følgje, tilstrekkeleg sikra gjennom LNF-formålet.
  - d) Ikkje teken til følgje, tilstrekkeleg sikra gjennom LNF-formålet.



	<p>e. Flatafjellet og Høgabu med Bukkafjellet og Oddmundsdalen. Inngår i friluftskartlegginga (ulik verdisetting), bunde saman av T-merka ruter.</p>	<p>e) Ikkje teken til følgje, tilstrekkeleg sikra gjennom LNF-formålet.</p>
<p>49</p>	<p><u>Bergen og Omland friluftsråd, 31.01.19</u> (sendt inn etter frist har gått ut):</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ein bør ikkje bygge ned eksisterande friluftsområde på Agnavika med dei kvalitetane som er her: Flott og romsleg friluftsområde «midt» i sentrumskjerna på Stanghelle. Ligg i samanheng med Folavika og Litlavika friluftsområde og dei tre område har ulikt preg og kvalitetar. Agnavika er den beste badeplassen og har høg tilrettelegging.</li> <li>2. Den nye sentrumskjerna bør heller byggjast rundt den store kvaliteten som ligg i Agnavika friluftsområde, istaden for å byggje den ned/ fyller igjen. Oppfordrar kommunen til å finne andre, gode overordna løysingar for Stanghelle sentrum som vil føre til dei same kvalitetane utan å fjerne / flytte Agnavika friluftsområde.</li> <li>3. KU – Nærmiljø og friluftsliv og Agnavika: underestimerer verdien av sjølve badeplassen og friluftsområdet og samanhengen med dei to andre friluftsområda. Verdien er heilt klart stor, omfanget stort negativt og konsekvensen stor negativ.</li> <li>4. Viser til tekst under «V-08 Stanghelle sentrum», der det står at et viktig kompensierende tiltak for nedbygging av Agnavika vil vere etablering av ein badeplass av tilsvarende kvalitet nær sentrum. Å få tilsvarende kvalitet meiner BOF er fysisk umogeleg på Stanghelle. Dersom denne skal leggjast på utsida av fyllinga må BOF ha køyretilkøyst gjennom bustadfeltet. Straumtilhøva vert og sterkare og vatnet kaldare. Er det realistisk? Vert den flytta innover mot Dalaelva, innafor brua, vil ikkje arbeidsbåten deira FRIFANT kome til.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Byggeområdet er teken ut av planen</li> <li>2. Sjå 1</li> <li>3. Sjå 1</li> <li>4. Sjå 1</li> </ol>